



**Saksframlegg**

**Høyringsfråsegn til NVE - Solgrid AS og Fyresdal Solkraftverk**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	84/24	28.11.2024

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Høyringsuttale frå Fyresdal kommune vedkomande Fyresdal Solkraftverk - NVE  
Høyringsbrev frå NVE; Høyring av søknad om konsesjon for Fyresdal Solkraftverk  
Konsesjonssøknad for Fyresdal Solkraftverk – Solgrid AS  
Konsekvensutgreiing av Fyresdal Solkraftverk utarbeida av Rambøel Norge AS  
Utkast til intensjonsavtale mellom Fyresdal Kommune og Solgrid AS  
Uttale med motsegn frå Statsforvaltaren – Fyresdal solkraftverk  
Høyringsuttaler frå offentleg forvaltning, lag- og foreiningar og privatpersonar  
Kommentarar til høyringsuttalene – Solgrid AS

**Vedlegg**

- 1 Høyringsuttale frå Fyresdal kommune vedkomande Fyresdal Solkraftverk - NVE
- 2 Høyringsbrev konsesjonssøknad Fyresdal Solkraftverk
- 3 Søknad om anleggskonsesjon - Fyresdal Solkraftverk, Solgrid AS
- 4 Konsekvensutredning Fyresdal Solkraftverk, Rambøel Norge AS
- 5 Oversiktskart Fyresdal Solkraftverk - Solgrid AS
- 6 Visualisering Fyresdal Solkraftpark - Solgrid AS
- 7 Utkast til intensjonsavtale, Fyresdal kommune - Solgrid AS
- 8 Innsigelse - uttalelse - Fyresdal Solkraftverk - Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- 9 Høyringsuttale - Telemark Fylkeskommune
- 10 Høyringsuttale - Mattilsynet
- 11 Høyringsuttale - Direktoratet for mineralforvaltning
- 12 Høyringsuttale - Statnett
- 13 Høyringsuttale - Rita Wæthing
- 14 Høyringsuttale - Olav Kvipt
- 15 Høyringsuttale - Sigrid Lund Nedrebø
- 16 Høyringsuttale - Elin Lund Nedrebø
- 17 Høyringsuttale - Åsne Lund Nedrebø
- 18 Høyringsuttale - Anne Lise Greivstad
- 19 Høyringsuttale - Oscar Elias Ohna
- 20 Høyringsuttale - Tone Nordheim Klausen
- 21 Høyringsuttale - Norges Luftsportforbund
- 22 Høyringsuttale - Skien Jetmodellklubb
- 23 Høyringsuttale - Sørlandet RC Modellflyklubb
- 24 Høyringsuttale - Vest-Telen Modellflyklubb
- 25 Høyringsuttale - Hugljufur Islandshestforening

- 26 Høyringsuttale - Norges Naturvernforbund Telemark
- 27 Høyringsuttale - Forum for natur og friluftsliv Telemark
- 28 Høyringsuttale - Norges Miljøvernforbund
- 29 Kommentarer til høyringsuttalene - Solgrid AS - 11.nov. 2024.docx

### **Bakgrunn for saka:**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing frå Solgrid AS for Fyresdal solkraftverk. Solgrid AS søker etter energilovas § 3-1 for å bygge, eige og drive Fyresdal solkraftverk. Solkraftverket er planlagt med ein installert effekt på 14,8 MWp og ein forventa årleg energiproduksjon på 15,2 GWh, noko som svarer til årsforbruket til om lag 760 husstandar.

NVE heldt orienteringsmøte for kommunalt- og regionalt styresett i Næringshagen 20.09.2024. Same dag vart det også heldt offentleg synfaring i det aktuelle utbyggingsområde, samt eit ope folkemøte om saka. Solgrid AS presentera her planane sine, og NVE orientera om handsaminga av saka.

I samband med høyringa av konsesjonssøknaden ynskjer NVE innspel på kva ein meiner om planane til Solgrid AS, om konsekvensane er godt nok greia ut, og om ein har forslag til justeringa av planane for å redusere eventuelle negative verknader av tiltaket.

Det kom inn 21 høyringsuttaler til konsesjonssøknaden, desse ligg ved saka, ei kort samanfating er også tatt inn i vurderinga. Fyresdal kommune har fått utsett høyringsfrist til 02.12.24, og er beden om å ta inn innkomne høyringsinnspel i si høyring til NVE.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi for areal, klima og miljø i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte - miljø og klima har fokus i planarbeidet, samt at Fyresdal kommune skal legge til rette for bruk av alternative energikjelder og energisparande tiltak - nytte og legge til rette for fornybar energi som til dømes sol og vind der det er mogleg.*

Noreg har ambisiøse mål om å redusere klimautslepp med 55% innan 2030 samanlikna med nivå frå 1990. Samstundes er det eit behov for å dekke Noregs aukande energiforbruk. Statkraft legg til grunn for sine prognoser at det årlege kraftbehovet i Noreg vil auke frå dagens 126 TWh til 220 TWh i 2050 (Statkraft, 2022). Dette er ei auke på nesten 60% av dagens nivå.

Fyresdal er ein kommune som bidreg til den nasjonale kraftproduksjonen, samstundes bør potensiale for ytterlegare kraftproduksjon vurderast fortløpande. I samfunnsdelen i kommuneplanen (2023-2035) er det lagt særleg vekt på at arealutnytting skal vere berekraftig, slik at ein kan arbeide for vekst i næringsutvikling og bruk av areal. I samfunnsdelens strategi for areal, klima og miljø har Fyresdal kommune som mål å legge til rette for bruk av alternative energikjelder og energisparande tiltak, der fornybar energi som sol og vind er nemnt særskild. I alle slike saker må ein vurdere om fordelane er store nok til å bære dei negative verknadane av tiltaket, og om utbygginga er eit samfunnsmessig rasjonelt prosjekt.

Solgrid AS er eit privateigd aksjeselskap der Østfold Energi, Akershus Energi Sol og Obligo er majoritetseigarar. Selskapet vart grunnlagd i 2020, og har som mål å bli ein ledande nordisk produsent av solenergi i industriell skala. Solgrid eig og drifter i dag Noregs fyrste storskala bakkemonterte solkraftverk (Furuseth, Stor-Elvdal), og jobbar i tillegg med utvikling av ytterlegare 7 anlegg i Noreg ([www.solgrid.no](http://www.solgrid.no)).

Som eit krav til konsesjonssøknaden er det gjennomført ei konsekvensutgreiing av området, denne ligg ved saka. Konsekvensutgreiinga er gjennomført av Rambøil Norge AS som ein uavhengig tredjepart.

Den planlagde solcelleparken er tenkt plassert rett aust for Fyresdal Flyplass, og ligg i sin heilskap i område avsett til LNF-R i kommuneplanens arealdel. Tiltaket vil såleis krevje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, eventuelt må nytt arealformål innarbeidast ved rullering av kommuneplanen.

Planområde for solcelleparken utgjer 300 daa, og ligg tett på Fyresdal sentrum, bustadområde og aktivitetsarenaer. Planområde er delt i to delområder; område 1 ligg mellom flyplassen og Vadlivegen, delområde 2 ligg på bae sider av vegen til Nyli, sjå vedlagte kart.

Konsesjonshandsaminga inneberer ei konkret vurdering av fordelane og ulempene som tiltaket gir samfunnet. Konsesjon kan innvilgast om dei samla positive konsekvensane av tiltaket er større enn dei negative. Vurderinga av om eit omsøkt tiltak gis konsesjon vil såleis vere ei fagleg skjønnsvurdering. I sum av gjennomførte utgreingar, innkomne merknader og egne vurderingar avgjer så NVE om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, eller om det under høyringsprosessen har kome fram tema som må belyst ytterlegare. Her kjem høyringsuttala frå Fyresdal kommune inn som eit viktig moment.

I høyringsuttala har ein freista å belyse dei punkt ein meiner er viktige i høve konsesjonshandsaminga, og som dei innkomne høyringsuttalene har tatt opp. Ei kort samstilling av innkomne høyringsuttaler fyljer her, og er med på å danne grunnlag for kommunens høyringsinnspel.

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark** har fremja motsegn mot planforslaget med heimel i energilova § 2-1 og plan- og bygningslova § 5-4 første ledd. Grunnlaget for motsegna er at landbruksdirektøren finn at planforslaget er i alvorleg strid med nasjonale jordverninteresser. Statsforvaltaren syner til Landbruksdirektoratet sin rapport av 01.02.2024 "Bakkemonterte solkraftanlegg – konsekvenser av utbygging på jord- og skogbruksarealer". I rapporten blir det trekt fram at bygging av bakkemonterte solkraftverk i skog kan bli ein drivar for avskoging. Vidare kan storstilt utbygging av solkraft på landbruksareal gi ein utvikling som ikkje er i tråd med dei landbrukspolitiske måla om økt matproduksjon og sjølvforsyning. Etter berekningane gjort av Landbruksdirektoratet vil bygging av bakkemonterte solkraftverk også kunne forårsake betydelege framtidige tap i tømmer volum og tapt produksjonsverdi gjennom verdikjeda.

Statsforvaltaren meiner vidare at konsekvensutgreiinga har manglar i form av at omsynet til dyrkbar jord ikkje er tatt med i vurderinga, og at den samla konsekvensen av tiltaket setjast til «ubetydeleg (0)», då den ikkje rører ved dyrka mark, og at dette gir eit feil bilete av jordvern.

**Telemark Fylkeskommune (TFK)** har fyljande kommentarar; Det må søkjast om ny avkøyring, evnt utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse. Klimaeffektar av planforslaget bør greiast ut. TFK føreset at anlegget blir bygd slik at solcellene kan fjernast når driftstida er over, og at området kan tilbakeførast dersom det er aktuelt. Vidare må Fylkeskommunen gjere ei arkeologisk utgreiing før dei kan gje endeleg fråsegn til planforslaget.

**Mattilsynet** kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med nasjonale og regionale interesser innan deira sektorområder. Risiko for planteskadegjerarar i området bør vurderast nærare, og om det er behov for føringar for dette i ein evt. detaljplan for miljø og landskap.

**Direktoratet for mineralforvaltning** er ikkje kjent med planar om å utnytte grus- og sandførekomstane i området, men meiner likevel at grusførekomsten påverkast så lenge kraftverket er i drift, og at dette bør leggjast til grunn for konsekvensvurderinga av utbygginga.

**Statnett** melder at solkraftverket er meldt inn, og at det er gitt reserve-kapasitet i transmisjonsnettet. Vidare påpeiker Statnett at solkraftverket vil vere søknadspliktig ihht funksjonalitet pga storleiken på anlegget.

**Rita Wæthing** meiner solcelleparken vil øydeleggje for dyre- og friluftslivet, rideturar og bærplukking, og at område som til tider har vore nytta av skulen til læring og rekreasjon vil miste sin verdi.

**Olav Kvipt** er i mot utbygginga av Fyresdal Solkraftverk både av omsyn til storleiken på inngrepet, og dei potensielle konsekvensane det kan få for lokalmiljøet, naturen og framtidig arealbruk. Solkraftparken vil påverke friluftslivet og området verdi som rekreasjonsområde for både lokale og tilreisande. Kvipt framhevar også manglande forankring, manglande omsyn til kulturarv, turisme og lokal identitet, samt dramatisk visuell endring av landskapet. Kvipt meiner også at konsekvensutgreiinga er svært mangelfull, og trekkjer fram faktorar som miljø, klimaavtrykk, vêrtilhøve/drift, samt sosiale- og økonomiske konsekvensar for bygda og bygdefolket. Om anlegget skal realiserast, må omfanget reduserast og tilpassast/kombinerast med ana arealbruk, ein må ha ei betre forankring lokalt, og anlegget må gje verdiskaping og arbeidsplassar ut over det som er synleggjort i prosjektet.

**Sigrid Lund Nedrebø** meiner planane ikkje er godt nok utgreidde, både med tanke på stråling, brann og dyreliv. Nedrebø stiller og spørsmål med om ana aktivitet på flyplassen kan fortsetje, og eventuelt utvidast, om solcelleparken vert ein realitet.

**Elin Lund Nedrebø** meiner solcelleparken vil redusere bu-verdien på Nyli betrakteleg, og er bekymra for helsa til familiemedlemmar som bur på Nyli. Nedrebø meiner også at dyrelivet vil bli påverka, at tur- og rekreasjonsområde vert øydelagt, og er i tillegg bekymra for ein eventuell brann i anlegget.

**Åsne Lund Nedrebø** (tinglyst eigar av Nyli) meiner ein eventuell solcellepark vil forringe verdien på garden Nyli for all framtid. Solcelleparken vil kome tett opp mot jorda på Nyli, og utsikten frå garden vil utelukkande vere til solcelleparken. Vidare påpeikar Nedrebø at det planlagde området i dag er LNF-område, med eit rikt dyreliv som vil bli sterkt påverka av ei eventuell utbygging. Nedrebø framhevar manglande økonomisk gevinst for Fyresdal, og er bekymra for eventuell brann i anlegget, med vindande som får godt tak i området.

**Anne Lise Greivstad** vil verte nær nabo til solcelleparken, og meiner anlegget vil gje ei visuell forureining ho ikkje kan godtake. Greivstad framhevar også anleggets ulempe for flora og fauna, og for innbyggjarane i Fyresdal.

**Oscar Elias Ohna** meiner det er uheldig å legge beslag på områda kring flyplassen, då her er stort utviklingspotensial i høve næring og busetting relatert til flyplassen, samt bruk av flyplassen som logistikkssenter ved t.d. mobilisering.

**Tone Nordheim Klausen** er nær nabo til den planlagde solcelleparken, og er i mot nedbygging av sentrumsnær natur. Klausen er bekymra for verdien av eigedomane som ligg i nærleiken, og meiner slike anlegg bør ligge lengre unna bebyggelse og aktivitetssenter, slik flyplassen og nærområdet i dag er.

**Norges Luftsportforbund (NLF)** famnar mange ulike greiner, der sports- og motorflyging, samt fallskjermhopping, er dei aktivitetane som nyttar Fyresdal flyplass mest. Flyplassen nyttast aktivt til trening, konkurransar og ulike andre luftsportsarrangement. NLF framhevar at Fyresdal flyplass har en kombinasjon av fasilitetar og moglegheiter for bruk av store modellfly og større arrangement som ein ikkje har alternativ til. Fyresdal kommune har derfor lagt til rette for aktiviteten ved å blant annet rydde eit betydeleg skogareal på aust av rullebanen. Modellflyginga foregår frå rullebanens søndre halvdel, men det er luftrommet over den planlagde solparken som brukast til sjølve flyginga. Om solparken etablerast slik det kjem fram av kart vil nesten all modellflyging foregå over solcellepanela. NLF meiner den føreslegne plasseringa av solpanelene vil utgjere ein uakseptabelt stor risiko for skade om ein modell krasjar. NLF nemner og at flyplassen er bruka til fallskjermhopping, og kan i framtida også bli nytta til fallskjermtraining og konkurransar, og at ein solpark vil kunne medføre for stor risiko for deira utøverarar i samband med landing innanfor gjerde/avsperra område. NLF ser plasseringa som svært uheldig, og at den vil være til betydeleg hinder for deira aktivitetar på flyplassen.

**Skien Jetmodellklubb** er underlagt Norsk Luftsportforbund, og er den største brukaren av flyplassen til stemner, treff og trening. Flyklubbane har vore aktive pådrivarar for å ta ned skog som ligg i deira aktive flysone på austsida av flyplassen, og har også bidrege økonomisk med å få dette til. Den planlagde solcelleparken er lagt i den tilrettelagde flysona, og mykje av flyginga vil foregå over solcelleparken. Klubben er bekymra for eventuelle flystyrt i solcelleparken, og kva dette kan medføre av brann og andre hendingar.

**Sørlandet RC Modellflyklubb** er kritiske til plassering av parken, særleg med omsyn til tryggleik ved landing/avgang, men og ved overflyging over anlegget. Bekymring er og retta mot tryggleik om ein skal inn på området for å hente ut havarerte fly. Modellflyklubben understrekar også den sosiale- og økonomiske gevinsten Fyresdal har av det aktive miljøet kring bruken av flyplassen, som står i fare om solcelleparken realiserast.

**Vest-Telen Modellflyklubb** framhevar viktigheita av Fyresdal Flyplass som arena for store treff og konkurransar med jet- og stormodellfly, aero, seglfly og fallskjermhopping, og er bekymra for sikkerheita ved denne type aktivitetar om solcelleparken realiserast. Dette går både på skadeomfang ved eventuelle uhell, og på tryggleiken til dei som driv aktivitet i nærleiken av området, t.d. fallskjerm som landar innanfor gjerdet, tryggleiken til brann- og redning etc.

**Hugljufur Islandshestforening** meiner utgreiinga er mangelfull, mellom ana i høve forureining, naturverdiar i området, og kav for bruk det er av området i dag. Solcelleparken vil leggje beslag på store areal, og fine rideveggar-/stiar vert inngjerda, dette kan igjen få innverknad på planane Hugljufur har om nytt rideanlegg på Molandsmoen.

**Naturvernforbundet i Vest-Telemark** er på generelt grunnlag positiv til solkraftverk, men meiner slike anlegg må leggest på grå areal. Den planlagde solcelleparken er lagt til produksjonsskog, dels i myr/våtmark, ein skog som har stor betydning for artsmangfald, til karbonfangst- og lagring, og ikkje minst som naturområde nær Fyresdal sentrum. Med tenkt plassering er NVVT sterkt i mot solcelleparken i Fyresdal.

**Forum for natur og friluftsliv Telemark (FNFT)** meiner det er store manglar i forventa verknadar av tiltaket for miljø, naturressursar og samfunn; det som definerast som produksjonsskog i dag kan i framtida endre seg til viktige områder for naturmangfald. FNFT meiner føre-var prinsippet må kome til sin rett grunna kunnskapsmanglar om artar, naturmangfald og friluftslivsbruk, og meiner nulltoleranse for øydelegging av skog må vere grunnpilaren. Vidare meiner FNFT at ein del av berekningane som er gjort på innsparing av CO<sub>2</sub>, er bygd på antekne og ikkje faktiske verdiar.

**Norges Miljøvernforbund (NMF)** krev søknaden til Fyresdal solkraftverk avvist og at vidare konsesjonshandsaming stansast. Dette grunnjevast med at det vil vere feil å bygge ned grønne areal og skogsområde med solkraft når det i dei fleste regionar er store uutnytta grå areal tilgjengeleg. NMF meiner Solgrid AS oppgjer feil tal når det gjeld kutt i CO<sub>2</sub> utslepp, og at klimagassutsleppa som fylje av arealbruksendring frå skogsareal til solkraftanlegg er så vesentlege at anlegget ikkje kan realiserast.

Solgrid AS har i mail av 11.11.2024 kommentera dei ulike uttalene, og syner til konsekvensutgreiinga som er gjort, som dei meiner svarar ut ein del av dei innkomne uttalene. Solgrid AS sine kommentarar til uttalene er lite oppklarande i seg sjølv, også fordi fleire av uttalene går på den enkelte si oppfatning av korleis solcelleanlegget vil påverke dei. Solgrid understrekar likevel at dei vil byggje anlegget på ein slik måte at dei ivaretek dyrkbar jord, og at dei stør seg på anerkjente modellar for berekning av klimagassutslepp og det totale klimarekneskapet for prosjektet.

## **Arealbruk**

Fyresdal kommune er i dag nær ved å lande eit datasenter på Molandsmoen, eit anlegg av store dimensjonar. Eit datasenter som har betydeleg varmeproduksjon som resultat av nedkjøling av maskiner, varme som nesten utelukkande går til spille. Myldr Energipark og Fyresdal kommune ser på moglegheiter for å etablere industri som kan dra nytte av denne overskotsvarmen, og til det treng ein areal. Den planlagde solcelleparken legg beslag på 272 daa rett aust for flyplassen, i nær tilknytning til Molandsmoen Industriområde, og eit eventuelt datasenter. Solcelleparken kan ikkje dra nytte av spillvarme frå t.d. datasenter, og såleis vil ein ved etablering av solcelleparken miste store, veileigna areal til alternativ næring.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har, som det kjem av saka, fremja motsegn til planforslaget for Fyresdal Solkraftverk. Dette grunngjev dei med at landbruksdirektøren finn at *«planforslaget er i alvorleg strid med nasjonale jordverninteresser»*, og byggjer dette på *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*, der det blir understreka at kommunane skal bidra til å styrke jordvernet, og at områder for utbygging må bli balansert betre opp mot omsynet til matproduksjon i Noreg.

Som det kjem fram av NIBIO si kartløyning er ca 250 daa av planområdet definert som *«dyrkbare jord»*, og at jorda har *«middels verdi»*. Det er viktig å påpeike at NIBIO si kategorisering kun baserar seg på kart- og bildetolkning, og ikkje er basert på måling/vurdering i felt. Store delar av hovuddalføre (grovt berekna >5 000 daa) i Fyresdal ligg i kartportalen som dyrkbare jord. Då er det svært utfordrande at Statsforvaltaren i ei kvar anledning nyttar dette, og meiner bruken av slike areal er *i alvorleg strid* med nasjonale jordverninteresser, og på den måten stoppar næringsutvikling, arbeidsplassar og bli-lyst.

## **Inntekter til kommunen**

Det er i dag ikkje noko nasjonal ordning for eigedomsskatt for solkraftanlegg, og Fyresdal Solkraftverk vil såleis ikkje gje direkte inntekter til kommunen. Solgrid har imedan utarbeida eit forslag til intensjonsavtale med Fyresdal kommune, for å gje kommunen inntekter frå anlegget. Intensjonsavtala er todelt; det skal setjast av midlar på eit «Fornybarfond», som er tenkt å gå til frivillige lag og organisasjonar som vert berørt av tiltaket, fondet skal administrerast av Fyresdal kommune, og er tenkt å utgjere 44 400,- kroner årleg (kr 3 000,- pr installert MWp).

I tillegg er det stipulera eit inntektsløp til kommunen, avhengig av marknadsprisen på straum. Kraftprisen varierer gjennom året og er typisk lågare om sumaren og høgare om vinteren, som fylje av endring i forbruk. Solkraftverk er ikkje regulierbar produksjon, dei produserer mest om sumaren, når kraftprisen jamt over er lågare enn årsgjennomsnittet. Kraftverket oppnår difor ein lågare gjennomsnittspris for krafta som leverast til marknaden, enn ana kraft. Det er også pårekeleg at eit auka volum av solkraft i kraftsystemet framover vil redusere kraftprisen i dei timane der solinnstrålinga er høgast. Marknadsprisen for solkraft er såleis svært usikker, og intensjonsavtala slik den er lagt fram gir eit usikkert, og marginalt inntektsløp til kommunen.

Intensjonsavtala mellom Solgrid og Fyresdal kommune er ikkje ein del av høyringa, men den er likevel belyst i høyringa som eit innspel i den totale vurderinga.

Solcelleparken omfattar to grunneigedomar; gbnr. 38/2 og gbnr. 39/19. Fyresdal kommune er ikkje kjent med innhaldet i avtalene mellom Solgrid og grunneigarane, eller kva kompensasjon/leigeavtaler det her er tale om. Avhengig av det einskilde rekneskap vil grunneigarane måtte betale noko skatt av inntekter frå solcelleparken, men med bakgrunn i dagens skatteutjamning mellom kommunane vil ikkje dette ha innverknad på skatteinngang til Fyresdal kommune.

### **Arbeidsplassar**

Som omtalt i konsekvensutgreiinga vil Fyresdal Solkraftverk etter oppstart ikkje skape arbeidsplassar i Fyresdal. Det vil vere eit marginalt behov for vegetasjonspleie, og eit visst tilsyn med anlegg, gjerder etc, men dette vil vere av marginal karakter, og det er heller ikkje sikkert arbeidet setjast vekk lokalt. Under anleggsperioden kan det tenkjast at noko grunnarbeid kan utførast av lokale entreprenørar, men montering av anlegg, oppkobling m.m. vil det mest sannsynleg verte utført av eksterne firma. Anslått byggetid er 6 månadar, og ringverknadar for lokalt næringsliv vil under utbygginga også vere marginale.

### **Bu- og blilyst**

Fyresdal Solkraftverk er planlagt rett aust for Fyresdal Flyplass, og vert såleis liggjande i nærleiken av bustadområde i Kåsegrend, Sitje, Nyli og Grunnvik. Bu- og bli-lyst går mellom ana på korleis ein kan nytte nærområdet ein har. Solcelleparken skal gjerdast inn med 2 meter høgt gjerde, og bruk av området til friluftsliv, turgåing og rekreasjon vil ikkje lengre vere mogleg. I den samanheng er 300 daa eit stort område når ein talar om nærfriluftslivet. Området har ei rekke vegar og stiar, vegane gjennom området vil haldast opne, men stiar som ligg innanfor gjerdet vil verte avstengde.

Konsekvensutgreiinga peikar på at friluftslivet, herunder Klokkarhamaren og Tretoppvegen, vil bli noko forringa av den visuelle innsikta til solcelleparken, då særleg til delområde 2, og at dette får "noko negativ konsekvens" for friluftslivet. Dette er i seg sjølv eit tankekors, då det er investert betydeleg beløp og ressursar i oppbygging av reiselivet i bygda. Solkraftparken vil vere synleg frå fleire av dei godt besøkte fjelltoppane i Fyresdal, og konsekvensutgreiinga nemner mellom ana innsikt frå Vikfjell og Geitenetten. I tillegg til visuell innsikt vil tiltaket også kunne ha fjernverknad i form av gjenskin/refleks frå panela mot turområda i sør.

Konsekvensutgreiinga omtalar i svært liten grad aktivitetar knytt til området ut over bruken av Fyresdal flyplass til fullskala hobbyflyging. Dette er ein svakheit, då området ligg nær opp til andre aktivitetsarenaer/flyplass/stall m.m., og det er naturleg at området vert nytta av desse. Norsk Luftsportforbund med sine medlemsorganisasjonar fryktar at deira aktivitetar kan bli stogga som fylje av sikkerheit for sine medlemmar, og sikkerheit for personell som må inn i anlegget å hente ut fallskjermhoppaparar og havarete modellfly. Hugljufur Islandshestforeining meiner solcelleparken legg beslag på mykje av deira ridevegar i området. Sjølv om Solgrid har vore i dialog med fleire av dei ulike lag- og organisasjonar i samband med prosjektet, verkar det som om partane har svært ulik oppfatning av korleis dei vert berørt av anlegget.

### **Brannsikkerheit**

Konsesjonssøknaden og den vedlagte konsekvensutgreiinga seier lite om kva for tiltak som er tenkt for å redusere risiko for/ved støre hendingar. Fyresdal Brannvesen peikar på at det er naudsynt med branngate rundt anlegget med tanke på skogbrann, og at det må tilretteleggjars fleire tilkomstvegar og portar inn i anlegget, i tillegg til hydrantar for rask tilgang til sløkkevatn. Det må også opprettast avtale om kjentmann, då Fyresdal Brannvesen er eit frivillig brannkorps, og det varierer kven og kor mange som kjem ved alarm.

### **Konklusjon:**

Fyresdal kommune er klar på at potensiale for kraftproduksjon skal vurderast fortløpande, og at ein ynskjer å legge til rette for dette der det er fornuftig ut i frå eit heilskapleg samfunnsøkonomisk perspektiv. Samstundes er ein tydeleg på at arealutnytting skal vere berekraftig, slik at ein kan arbeide for vekst i næringsutvikling og bruk av areal. Eit solkraftverk slik det her er planlagt skapar ikkje arbeidsplassar, og gjev heller ikkje økonomiske insitamant for Fyresdal kommune. Fyresdal kommune vil i framtida ha behov for areal til ny, berekraftig næringsverksemd, med fokus på bruk av restvarme frå det planlagde datasenteret. I tillegg ser

ein utfordringar med anleggets plassering og utforming av omsyn til bu- og blilst, reiseliv og aktivitetar knytt til flyplassen og kringliggjande område.

Med bakgrunn i ei heilskapleg vurdering av konsesjonssøknad, konsekvensutgreiing, innkomne høyringsinnspel og eigne vurderingar, ynskjer ikkje Fyresdal kommune ei etablering av storskala solkraftverk på Molandsmoen, då dette ikkje er foreinleg med ei berekraftig utnytting av arealet.

Fyresdal kommune sender vedlagte høyringsuttale til NVE slik den ligg føre.

#### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune sender vedlagte høyringsuttale vedkomande Solgrid AS sine planar for Fyresdal Solcellepark til NVE slik den ligg føre.

#### **Behandling i Kommunestyret - 28.11.2024**

##### Framlegg frå Saamund Gjersund:

Fyresdal kommune .....samfunnsøkonomisk perspektiv. Trass i at det omsøkte tiltaket ikkje direkte vil tilføre kommunen nemneverdige arbeidsplassar (bortsett frå event. i etableringsfasen) ser vi at samfunnet generelt og også Fyresdal, vil vere avhengig av auka produksjon av fornybar energi for å nå overordna mål om berekraftig utvikling. Utifrå dette ser vi at ei etablering av solkraftverk som omsøkt vil bidra til dette. Denne etableringa er tenkt i eit område som i dag er «tatt ut av produksjon» i samband med aktivitetar rundt Fyresdal flyplass. Vi forventar at desse aktivitetene med små justeringer kan vidareførast, samstundes som område tiltenkt solkraftverket må opparbeides på ein måte som tillet landbruksmessig utnytting (f.eks hausting/beiting) både nå og i framtida/ ved ei eventuell avvikling av solkraftverket. På bakgrunn av dette tilrår Fyresdal kommune NVE å imøtekome konsesjonssøknaden frå Solgrid.

##### Tilleggsframlegg frå Arbeiderpartiet v/ Nils Kristian Moe:

Fyresdal kommune vil ikkje gi rom for å etablere solkraftverk i området som er omtala i saka.

Framlegget frå Saamund Gjersund vart sett opp mot innstillinga frå kommunedirektøren:

12 røyster for innstillinga frå kommunedirektøren.

5 røyster for framlegget frå Saamund Gjersund.

12 røyster for tilleggsframlegget frå Arbeiderpartiet:

#### **Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2024**

Fyresdal kommune sender vedlagte høyringsuttale vedkomande Solgrid AS sine planar for Fyresdal Solcellepark til NVE slik den ligg føre.

Fyresdal kommune vil ikkje gi rom for å etablere solkraftverk i området som er omtala i saka.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef